



MØTEREFERAT

Referat frå: Sykkel VM møte nr 2 **Møtedato:** 24.3.2015 **Tid:** 0900-1200
Møteleiar: Britt Karen Spjeld **Møtestad:** Lars Hillesgt 19 **Arkivsak:** -
Referent: Bjørg Larsen **Ref.dato:** 24.3.2015 **Arkivnr.:** -

Deltakarar: Sverre Jokstad Askøy kommune, Gunnar Brynjulfsen Askøy kommune, Linda Løland Olsen, Bedriftsidretten, Einar Grieg Bergen kommune, Geir Bartz-Johannessen Bergen kommune, Eli Orre Bergen 2017 AS, Harald Tiedemann Hansen Bergen 2017 AS, Mona Maria Løberg Naturvernforbundet, Nils Tore Skogland Naturvernforbundet, Kari-Anne Landro, Sund kommune, Åse Gunn Husebø Øygarden kommune, elisabeth Langeland Matre Vegvesenet, Frode Moen Aarland Vegvesenet, Reidun Margreta Instanes Vegvesenet, Anna Elisa Tryti Hordaland fylkeskommune, Bjørg Larsen Hordaland fylkeskommune, Britt Karen Spjeld Hordaland fylkeskommune, Einar Aalen Husager Hordaland fylkeskommune, Gunhild Raddum Hordaland fylkeskommune, Helge Inge Johansen Hordaland fylkeskommune, Karen Louise Nybø Hordaland fylkeskommune, Marta Rongved Dixon Hordaland fylkeskommune

Fråvær:
Kopi til:

Samhandlingsmøte om Sykkel VM 2017 og sykkel VM kvar dag

Anna Elisa Tryti ønskte velkommen.

Harald Tiedemann Hansen presenterte det siste frå Sykkel VM 2017 AS:
Sport: Torjus Larsen er leder, har med seg t.d. Atle Kleppe – dette gjeld politi, vegvesen, trafikk
Arena: start og mål skal vere på Festplassen. UCI på synfaring i Øygarden 14.-16. april
Sikkerhet: vakthold og adgangskontroll/sanitet for både ritt og publikum/sikkerhet/trafikk
Logistikk: Bil og MC/Infrastruktur/Samband/Materiell og bekledning/ Catering
Møteplasser: Nasjonale kommissærer/UCI/Antidoping/Akkreditering
Kultur: Kulturaktiviteter/Møter/Kongressar
Sykkel- og aktivitetsprogram: Folkehelse «Alle barn sykklar»
Media: Host Broadcater/Mediapartner/Pressesenter
Marked: Sponsor og samarbeidspartner/Fan-soner/Billettsalg
Informasjon: Kommunikasjon og info plan/Profilering/Info nasjonale forbund/Ekstern info
Hospitality: UCI/VIP/Sponsor
Samfunnskontakt: Kommunar/Departement/Grafisk profil/Skiltplan
Frivillige: ca 1500 frivillige/Mobilise avtale/Etablere prosjektgrupper for frivillige

14.-16. april kjem det internasjonale sykkelforbundet for m.a. å synfare start og løyper i Øygarden.

Eli Orre presenterte aktivitetar frå Bergen 2017:

Sykle til VM – sykle 1 gang pr veke. Sykle til skulen, sykle til fritidsaktivitetar og kampar, sykle til kino og konsertar/sykle til jobb/sykle til foreldremøte. Syklinga må registrerast via nettsider/APP, konkurranse og premier

Alle barn sykklar vert sett i gang hausten 2015. Mål om at 80% skal gå eller sykle til skulen. Opplæring i 2,5 time i 4. klasse (teori, sykkelkontroll, sykkelteknikk og trafikkopplæring) og oppfølging i 5. klasse, etter mal frå Grenland i Telemark. Alle skal kunne sykle, alle skal inkluderast, alle skal ha tilgang til eigen sykkel. Tal på 4. klassingar: Bergen 2892, Fjell 307, Øygarden 73, Askøy 400. Elevar i Sund må også inkluderast.

Helge Brekke held eit innlegg om Knarvikmila og arrangementa rundt – totalt over 21 arrangement på 9 dagar, m.a. konferanse, underhalding. Det er 8700 løparar frå 34 land, og 16 000 innom arrangementa. Alle skal ha noko å glede seg til og føle seg heime i Knarvikmila! Sagt om Tour the France: «eg er ikkje interessert i sykling, men det er så kjekt å høyre om alle slotta». «Folkelivet er glasuren på arrangementet.» Dei har invitert 14 lag og organisasjonar med for å få arrangementet godt forankra og noko som kan leve vidare heile året. Frivillige er ambassadørar for kommunen og arrangementet. For å få nok frivillige er ein avhengig av dei rette personane til å motivere og at laga sit at med midlar for dugnaden. Verdibasert – ingen alkohol eller coca-cola! For å få elevane til å delta på skuleløpet, har dei trafikkopplæring for 10. klasse og miljøkurs for 8.-9. klasse. Internasjonalt arbeid – både topp og bredde. Arrangementet er vist på alle TV kanalar i Afrika.

Marta Rongved Dixon understreka kor viktig arrangement er for reiselivet. Ønskjer å få sykkel-stativ bak på bussene.

Einar Grieg og Einar Aalen Hunsager gjekk gjennom utsendt dokument. «Sykle til jobben» her er Bergen kommune med. Sykkelferdsplanen var i 2010 i Bergen, 2012 i Trondheim og 2014 i Oslo. Kanskje vi kan få konferansen til Bergen igjen i 2016? Frå 1. februar vart det gratis å ta med sykkel på ferje Askøy-Bergen. Vegvesenet teller digitalt sykkelpasseringar på utvalde stader. Må vere tettstadar med over 5000 innbyggjarar. Notatet vert oppdatert med innspel som kom under møtet og sendt ut på ny. Det er tenkt som eit levande dokument som skal vere ein felles ressurs i vårt arbeid. Kom med innspel undervegs.

Runde rundt bordet:

Bergen kommune:

Geir Bartz-Johannessen: Viktig å få med plass til både gåande, syklistar og bilistar. Det av vegar som er på planstadiet nå, tek det nokre år før vi ser resultat av.

Einar Grieg: Mobil sykkelparkering etter mønster frå Oslo. Kulturarrangement kan låne dette frå kommune inkl. vakt til å passe på. 30-40 000 syklar nye syklar i året i Bergen. Vurdere «Humpe» løype for å ha til utlån. Forslag frå Askøy å lage dette som nærmiljøanlegg.

Sund kommune:

Kari-Anne Landro: Stiller administrativt frå neste møte. Går for «Alle Barn Sykler» - dei har bygd ut fleire store skular der dette kan passe. Dei har ganske bra med gang- og sykkelstiar til skulane. Turlaget gjer ut Kystpass – få dei til å lage fleire turar for syklar. Tilrettelegging for sykkel vert eit viktig tema i rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og plan for sentrum.

Askøy kommune:

Gunnar Brynjulfson: Hadde kultur- og idrettskonferanse sist helg der Sykkel VM Bergen 2017 var tilstade og informerte. Såleis brei forankring. Dei har og hatt informasjon i kommunestyre. Viktig for å få folk engasjert. Askøy manglar statistikk over syklistar, dei treng grunnlag for beslutningar. Ønskjer målepunkt på Askøy-brua og på Kleppstø. Skulesatsing – alle born syklar. Vil involvere sykkelmiljø på øya. Har to arrangement i dag knytta til sykkel og triatlon. Tillet sykling på friidrettsbana.

Øygarden kommune:

Åse Gunn Husebø: Vil satse på Alle Barn Sykler, Samarbeid med «Gode Sirkler» om temadagar(artikkel vedlagt). Dei skal arrangere triatlon-konkurransen Norseman i august. Ønskjer å gjere noko for alle dei tilsette i kommunen. Dei har nedsett ei gruppe som skal arbeide med sykkel VM i kommunen.

Naturvernforbundet:

Nils Tore Skogland: Gi flest mulig erfaring med el-syklar, treffer godt mot bilister. Følge opp jobb-syklisten med roadshow. Se om de kan få det i gang i disse 4 kommunane, men det er avhengig av økonomisk ressursar.

Bedriftsidrett:

Linda Løland Olsen: Sykle til jobben aksjonen 2015 er 21.april - 19.juni. Bergen har betalt for alle sine tilsette. Ein ide for HFK og andre kommunar for 2016? Bedriftsidretten har eit bredt engasjement og kan vere bidragsytar knytta opp mot arrangement for bedrifter.

Bergen 2017:

Harald Tiedemann Hansen: Ønsker Tour for kids til Knarvikmila. Skal lage avtale med alle involverte kommunar: byrom tilgjengeleg + reinhald + etater tilgjengeleg. Invitasjon til å delta i ulike arbeidsgrupper kjem no!

Britt Karen Spjeld: Ho summerte dei ulike områda debatten hadde vore innom, og bad kommunane om å gje attendemelding på om prøving av el-sykling for tilsette er aktuelt, om mobil sykkelparkering er av interesse, og behov for dokumentasjon.

Neste møte: 20. mai kl 0900-1200 (inkl en matbit). Eiga innkalling blir sendt.